



ÅRSMELDING 2020

NLR Trøndelag: Frå 01.01.2017 omfattar NLR Trøndelag, heile Trøndelag og HMS. NLR Trøndelag sit styret har som mål å vidareføre tradisjonen med kontor og tilsette i Oppdal, samt at arbeidstidane òg blir som før i vår region. Spesialitetane i området som sauehaldet og mandelpoteta treng rådgjeving som før, det same gjeld mjølkeproduksjonen. Grovfôr dyrking i fjellandbruket er eit spesielt fagområde.

I tillegg vil medlemmane kunne nytte seg av tilbudet med grøntrådgiving, økonomirådgiving, byggrådgiving, regnskapstjeneste, teknikk, klima og energi, HMS og advokat. Alt dette er viktige forutsetningar for ein økonomisk og miljømessig forsvarlig produksjon. God ressursutnytting på det enkelte bruk er vesentleg for å nå målet om at det **fortsatt skal kunne drives lønnsom gardsdrift i Trøndelag!**

Dette er ei delmelding for region Oppdal og Rennebu, om aktiviteten frå kontoret i Oppdal. Alle medlemmane vil få tilgang på årsmeldinga til NLR Trøndelag før årsmøtet.

TILLITSVALGTE

Representant i styret for regionen

Nils Erik Sandbløst

Årsmøteutsendinger

Til 2020: Øystein Riise

Til 2021: Ingrid Meslo

Til 2022: Nils Erik Sandbløst

1.vara: Heidi Saksen Aalbu, Oppdal, valgt for 1 år

2.vara: Solveig Kvam, Rennebu, valgt for 1 år

Valgkomité for regionen

Reidun Stølen

BEMANNING

Torhild Svisdal Mjøen

Anne Karin E. Botnan

Seniorrådgivar, 100 % stilling

Rådgiver, 100% stilling

Valgkretsmøte i Oppdal og Rennebu

Dette var halde 12.februar 2020 på Oppdalsporten.

GROBLADET/Medlemsblad

I 2020 vart det gjeve ut 2 nummer av medlemsbladet «*Grobladet*.» Dette er eit samarbeid med kommunane Oppdal og Rennebu, samt Landbrukstjenestene i Oppdal og Rennebu, og er tenkt ført vidare med 2 nr i året. NLR Trøndelag gir ut to medlemsblad i året, som også har ein del stoff med frå vårt område/ rådgjevarar.

ARRANGEMENT/ANNA VERKSEMD, MØTER, KURS OG REPRESENTASJON 2020

Meir om dette under aktivitetar og forsøksvirksomhet.

GJØDSLINGSPLANPLANLEGGING OG JORDPRØVER

Gjødslingsplanlegging var som tidlegare år eit hovedarbeidsområde for oss. Det inngår i utarbeidinga av planer at heile grovfôrproduksjonen vert diskutert med ein av dei tilsette. Alle tema frå drenering via beiteplanlegging og såfrø, til optimal bruk av husdyrgjødsel vert diskutert. Til dei med nye jordprøver blir det òg skreve ein statusrapport for jord og plante etter jordprøvetakinga.

For vekstsesongen 2020 vart det utarbeida fleire gjødslingsplaner enn før, dette av di vi har med fleire medlemmar i Rennebu som soknar til Oppdalskontoret. Alle medlemmer sør for Merkesbrua i Rennebu er ansvarsområde for våre rådgjevarar på grovfôr og Mandelpotet produksjon. Da svert mange driv meir jord enn si eiga, jobbar vi no med å slå saman bruka i planarbeidet, slik at kvart medlem får berre ei gjødslingsplan, sjølv om dei driv fleire bruk. Dette er ei føresetnad for at ein skal kunne bruke klimakalkulatoren. I praksis vil det seie at nesten alle som var medlemmar i rådgivinga før våronna, fekk utarbeidd gjødslingsplan for 2020. Det er meir leigejord, og da vert det ein del gardar som er delt opp i to planer, ei plan til kvar leigar. Nokre få har femårsplanar, og nokre oppdaterer plana si sjølv etter samråd med oss i landbruksrådgivinga. Gjødslingsplana på mobilapp «Skifteplan mobil» er det nye, her kan ein sjølv gjere registreringar gjennom vekstsesongen, dette er eit nyttig dokumentasjonsverktøy. Alt areal må vere kartfesta for å få mest ut av dette, noko som er prioritert arbeid no.

Det er teke ut jordprøver hjå over 50 medlemmar. Det er ei utfordring for oss at analyselaboratoriet ikkje har stor nok kapasitet no i desse koronatidene, og vi ikkje får att svar før langt utpå etterjulsvinteren. Så nokon får vente på gjødslingsplana si.

Det er òg gjeve råd i samband med matjordproduksjon, idrettsplassar og bruk av slam i jordbruket.

FJELLANDBRUKSPROSJEKTET

Dette har vore eit arbeidskrevjande prosjekt, som har teke mykje av vår arbeidstid også i 2020. Ei oppsummering av dette er under forsøksvirksomheten. Vi har Landbrukslunsj om lag 6 gonger i året, med landbrukskontoret i kommunen, landbrukstjenesten og TINE m.fl for å få ei god samhandling i dette prosjektet og i vårt daglege arbeid. Som med alt vårt samkvem med andre er dei fleste av desse gjennomført via nettet.

TRUSEKAMPEN

Trusekampen var en konkurranse som Norsk Landbruksrådgiving sentralt arrangerte, for alle NLR enhetene rundt om i landet. Målet var å skape blest som jord og jordliv, gjennom fagmøter, markdager og media. Og hvem vant? Det gjorde vi!! Etter å ha vært både på svensk radio, skrevet om på Island, omtalt og intervjuet på ulike radiostasjoner og på tv! Les mer under «Prosjekter» lengre bak.

FELLESMEDLING FOR LANDBRUKET I OPPDAL 2019

Landbruksrådgivinga sto som vanleg for mykje av arbeidet med Fellesmeldinga for 2019 med annonseteikning, finansiering, redigering, layout og utskrift. Arbeidet skjedde i samarbeid med Landbrukskontoret og dei andre bidragsytarane. Det vart gjeve økonomisk støtte frå Oppdalsbanken og Landbruksetaten til finansiering av meldinga. I tillegg til denne stønaden betalte alle bidragsytarane kr 450,- per side for si årsmelding. Meldinga kom ikkje ut før i november, da alt stoppa opp 12.mars pga. covid19.

ØKONOMISK VEILEDNING/DRIFTSPLANLEGGING

I 2020 var det gjeve råd i samband med erstatningssaker, og i samband med mindre omleggingar, ombygging av fjøs og andre investeringar. I dag er det våre økonomirådgjevarar som lagar driftsplaner for medlemmar også her. Våre bygningsrådgjevarar har òg hatt ein del arbeid her. Det har vore stengt for tilskot til bygging av sauefjøs, og svært lite har gått til ammekufjøs frå Innovasjon Norge. Men også dette året er det bygd slike fjøs i vårt område.

ØKOLOGISK FØRSTERÅD

Det har vore eit satsingsområde for Norsk Landbruksrådgiving og Norsk Sau og Geit å gje sauebønder tilbod om økologisk førsteråd. Det er utførte nokre få førsteråd dette året, og vi har hatt markdagar med fokus på jord.

SKRIVING I BONDEBLADET

Rådgivingseiningar over heile landet vart invitert til å skrive i Bondebladet kvar veke i sommar, om aktuelle tema knytt til vekstsesongen. Det har tidlegare vore i Nationen, men dei hadde ikkje moglegheit ti å ta det inn i år. Oppdal deltek saman med dei andre fjellregionane i Sør-Noreg som deler på vår del. Oppdal har skrive 4 rapportar og har administrert ordninga for fjellregionen. Resten av Trøndelag er ein eigen region. Ein har fått positive meldingar attende på dette, og vurderer å halde fram òg for 2021 sesongen.

ANDRE AKTIVITETER

Anne Karin Botnan er sekretær er for "Fjellmandel Oppdal SA"- dyrkarlag for Fjellmandel Oppdal. Ho deltok på Internationale Grune Woche 2020, Berlin, for Fjellmandel i perioden 16.1-22.1.

Torhild Svisdal Mjøen har stilling som sekretær for Studieforbundet natur og samfunn (SNS). Landbruksrådgivinga har sekretariatet for SNS i Oppdal. Ho har ansvaret for gjennomføringa av Mentorordninga for Landbruket i region Trøndelag. Torhild leier også Næringsgruppe Småfe i Grønn forskning Midt Norge. Sjå meir om lokale aktiviteter under *aktiviteter og forskningsvirksomheten 2020 lengre bak i meldinga.*

GJØDSELGASSMÅLAR

Det vart i 2002 kjøpt inn og starta utlån av gjødselgassmålar, sponsa av Gjensidige Oppdal-Rennebu Brannkasse. Landbruksrådgivinga har no to nye målarar til utlån. Gjensidige betaler for kalibreringar og nye målarar når det trengs. Fleire brukarar har kjøpt målarar på sin eigen gard, da dei ser viktigheita av å bruke denne. Målarane syner konsentrasjonen av den giftige gassen hydrogensulfid, og har sannsynlegvis berga livet på ein del husdyr i den tida han har vore i bruk. Kom innom å låne!

SLÅMASKIN TIL SVARTKURLEFELTENE OG VERDIFULL KULTURMARK

Vi har ansvaret for å låne ut knivslåmaskina som Oppdal kommune har kjøpt inn i prosjektet med bevaring av svartkurle i Oppdal. Også dei med spesiell verdifull kulturmark kan låne maskina.

ØKONOMISK STØTTE

Vi vil nytte høvet til å takke for økonomisk støtte til drifta av NLR Trøndelag i 2020.

Takken går til:

Oppdal kommunes næringsfond

Felleskjøpet

Rennebu kommune

Norgesfôr



*Smartere framtid
for folk og dyr*

Samarbeid i over 80 år

Helt siden 1936 har OS ID bidratt til at norske småfeeiere kan sikre husdyrs identitet og sporbarhet. Smart husdyrhold gir mer bærekraftig og dyrevennlig produksjon av verdens viktigste vare – maten vi spiser.



Vi er stolte over å være norske bønders samarbeidspartner. Det handler tross alt om verdens viktigste vare – maten vi spiser.

OS ID, 2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 77 00 post@osid.no www.osid.no

VÆR OG VEKST 2020

Frå 2004 er tala henta frå den automatiske klimastasjonen til landbruksrådgivinga. Stasjonen har stått på Håker frå 2008. Siste 30-årsnormalen (1961- 1990), er teke med for samanlikninga sin del.

MIDDELTEMPERATUR


Håker 2008: Start 26. mai. Håker 2009-2020: Start 1. mai.

Middeltemperatur 2008- 2020 i Oppdal pr måned


Månad	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Normal
Mai	12,6	8,2	5,4	7,4	6,0	9,6	8,0	5,1	7,7	7,5	12,4	5,4	4,4	6,5
Juni	10,9	9,8	9,1	11,7	8,5	10,3	10,5	8,2	11,2	10,8	11,0	11,9	15,3	10,0
Juli	14,7	13,5	13,9	13,5	12,0	13,7	17,0	11,2	12,9	11,9	16,2	13,9	10,2	11,4
August	11,3	12,7	12,6	12,3	11,7	11,9	11,7	14,3	11,0	10,8	11,5	13,3	13,1	10,8
Sept.	9,1	8,8	7,9	9,9	7,0	9,2	9,5	9,2	11,3	9,3	8,5	7,2	8,4	7,1

Det vart mykje is på marka som vart liggande til midten av april mange plassar. I høgare liggande områder vart snøen liggande heil fram til slutten av april. Med påfølgande kulde i mai, har vi sett vekststart til 25.mai, først da hadde det vore 5 dagar med ein gjennomsnittsdøgntemperatur over 5 grader. Stasjonen står på Håker som er ein tidleg plass i bygda. Lauvet på bjørka kom ikkje før 1.juni.

Mai og juli måned var kaldare enn normalen, juni var spesiell varm.



JORDTEMPERATUR



Figuren viser forholdet mellom jordtemperatur og lufttemperatur gjennom sesongen 2020. Den kalde maimånaden overrasker litt med ein høg jordtemperatur. Årsaka er kanskje at det var varmt i april og at det kom snø først på mai da temperaturen gjekk ned, dermed vart det ikkje kaldt i jorda. I juni fekk vi høge både luft og jordtemperaturar, nok som førte til tendensar til tørke før første slåtten, sjølv om det var meir nedbøren var over normalt. Juli blei kald og våt, og jordtemperaturen gikk ned i august og september.


DØGNGRADER (DG)

DG er månedsmiddel (antall døgn x middeltemperatur) i mai til september, her frå 2008 til 2020.

Døgngrader 2008- 2020

Tekst	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Normal	Ny normal
Dagar	128	153	153	153	153	153	153	153	153	153	153	153	153	153	153
dg	1480	1625	1497	1675	1387	1677	1737	1471	1653	1530	1825	1581	1569	1190	1455

I 2020 hadde vi 1569 døgngrader, 379 fleire døgngrader enn normalen med 1190 døgngrader. Dette er med på å auke den nye 30-årsnormalen. Om ein ser på døgngrader frå 2001 og fram til 2020, så har alle åra vert over døgngradernormalen. Ei feilkjelde er at med minusgrader i mai burde vel dei dagane vere satt til null grader for å få rett samanlikning, men det er ikkje gjort. Da ville det i 2020 vore 10 døgngrader varmare.



Figuren over viser utvikling i døgngrader frå 2008 til 2020

Har vi ei klimaendring?

Har vi endring i klima? Klima er definert i Store norske leksikon som: *Typisk værmønster på et sted, som f.eks. middel-, maksimums- og minimumsverdier og hyppighet. Beskrivelsen av et steds klima bygger på lengre observasjonsrekker, der også ekstremvær er inkludert.*

På yr.no finn vi beskrivelsen av kva ein klimanormal er: *En klimanormal er et gjennomsnitt av været (for eksempel temperatur, nedbør eller vind) over en periode på tredve år. Klimanormaler brukes som referanse for å sammenligne endringer i klimaet, både fra tidligere perioder til i dag, og fra i dag til et beregnet framtidsklima. De kan også brukes til å sammenligne klimaet på forskjellige steder.*

På grunn av klimaendringene er den nye normalperioden 1991-2020 varmere enn den forrige normalperioden 1961-1990. Når vi sammenligner en varm måned med en varmere normal blir da forskjellen mellom den varme månaden og normalen mindre. Forskjellene mellom været nå og den nye normalen vil bli mindre enn de var da vi sammenlignet med en eldre og kjøligere normal.

Hvordan har klimaet i Norge endret seg? Kan en lese mere om på Yr. Vi tar bare med litt her: *« fra 1980 har det vært en betydelig oppvarming, og perioden 1991-2020 er definitivt den varmeste normalperioden hittil, både i Norge som helhet og i alle landsdeler. Oppvarming fører til at luften har økt kapasitet til å holde på fuktighet, som legger til rette for mer nedbør. Siden 1900 har gjennomsnittsnedbøren i Norge økt med cirka 20 prosent. Det er stor variasjon i prosentvis økning mellom forskjellige regioner, men på årsbasis har ikke nedbøren avtatt i noen region. I likhet med temperaturen, har også nedbøren økt mest etter 1980. Vi har både fått flere dager med nedbør, og flere dager med kraftig nedbør.»*

Ny 30-årsnormal 1991-2020, 1455 døgngader = pluss 1,7°C pr. døgn i vekstsesongen

Den gamle normalen i Oppdal frå 1960-1990 var på 1190 døgngader frå 1.mai til 30.september, det vi reknar som vekstsesong. Den nye normalen frå 1991-2020 er på 1455 døgngader (uoffisiell etter vår klimastasjon). Det kan vere noko små feilar i dette, da klimastasjonen kan ha hoppa over nokre datoar, men dette vil ikkje gje noko utslag i totalen over 30 år. Vekstsesongen er rekna til 153 døgn. Den nye 30-årsnormalen ligg 265 dg over den gamle normalen. Dette betyr at temperaturen har stege med 1,7 °C pr døgn i vekstsesongen. I 2020 var det med unntak av mai og juli ein varm sommar, med 1569 døgngader. Ein del over også den nye normalen!

Skilnaden pr. døgn frå den gamle til den nye 30-årsnormalen i Oppdal, viser at auke i temperaturen i vekstsesongen dei siste 30 åra, er heilt sikker. Det er dei første 10 åra i den nye 30-årsnormalen som dreg ned. Om ein ser på dei siste tjue åra frå 2001 til 2020 ser ein at desse ligg godt over den nye 30-årsnormalen, med unntak av åra 2004 og 2012. For å gjere litt sjonglering med tal kan vi sjå på snittet for åra 1981 til 2000 så får vi ein snitt på 1200 dg, medan det for åra 2001-2020 er 1587 dg, dvs. auken er kome mykje meir etter år 2000.


Vi har ikkje sett opp tala for kvar månad enno, men yr.no sine tal fortel at for heile landet så har temperaturen auka kvar månad heile året, i høve den gamle 30-årsnormalen.



30.april, og høgymola hadde allerede startet veksten.

Foto: NLRT, Oppdal

Ny 30-årsnormal 1991-2020, 1455 døgngrader = pluss 1,7°C pr. døgn i vekstsesongen




NEDBØR

Nedbør 2008- 2020: Normalen er frå *Håker* 2008 (starta 26. mai). 2009 til 2020 med start 1.mai

Månad	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Normal
mai	(0)	44	16	39	23	53	14	44	16	24	17	41	4	22
juni	57	73	142	108	63	156	51	39	26	39	9,2	83	75	52
juli	40	130	86	112	113	52	96	111	83	96	58,8	18	85	70
august	77	101	82	122	76	103	175	60	77	57	140	85	70	59
september	31	73	53	28	34	13	47	23	45	30	68,4	75	40	43
Sum	174 ^f	347 ^g	376	408 ^h	310	378	382	277	246	248	293	303	274	246

^f:26. mai 2008, ^g:1. mai 2009, ^h:3.mai 2011 og 1. mai 2010-2020

Figuren viser at nedbøren desse åra, er større enn den gamle normalen. Mai kom med meir snø, heilt fram til 18.mai hadde vi snøbyger. Det var registrert berre 4 mm nedbør i mai. I juni fekk vi regn i starten, men tørke i siste halvdel. Spesielt i juli fekk vi meir enn vanleg, men òg i august vart det bra med regn.



Figuren viser nedbøren fordelt pr. måned for 2020, i forhold til normalen. Også prosent av normalen er med.



23.april, det tærer på snøen nede i bygda. Foto: NLRT, Oppdal



12.mai, blåveisen øynet tidlig håpet, men så ble det snø.

Foto: NLRT, Oppdal

VEKSTSESONGEN 2020

Vinteren starta med mykje regn 1.oktober og sidan kom nedbøren i oktober som snø.

Engvekstane fekk ein heller dårleg herding om høsten da september var varm. Det vart ikkje tele i marka før snøen kom. Snøen kom allerede første veka på oktober. I dei høgareliggande delane vart snøen liggande da, medan den ikkje vart liggande i bygda før midt i oktober. Den kaldaste dagen denne vinteren var 9.november med -16,3 grader i Oppdal. Det kom som normalt med snø i november og desember.

I høgare områder vart det svært mykje snø, spesielt kom det mykje i januar og februar med over 100% over normalen. Temperaturen varierte frå pluss 10 til minus 10°C. Nede i bygda både i Oppdal og Rennebu vart det fleire periodar med snøsmelting og frysing. Det var nesten bart nedi bygda i Rennebu både rundt nyttår og midt i januar, med ein god del snø i mellom.

Vi fekk vatn og is på areala, spesielt mykje av dette vart det midt i mars, (sjå bilete). Det var ikkje berre på flate areal men òg areal med helling, som vart isdekt. Isen vart liggande til midten av april mange plassar. I høgare liggande områder vart snøen liggande heil fram til slutten av april. Vi hadde eit innlegg på nettmøte om overvintringsskade i Rennebu 1.april, da vi såg at det kom til å bli isbrann fleire stader. (Arr: Produsentlaget i Rennebu).

Vi fekk fleire ulike skader på eng denne vinteren; **sopp, frost, isbrann og ståande vatn.**

På tien eller lett frosen mark og langvarig snødekke, er graset svært utsett for sopp-skader, vi fant spesielt mykje Kvit grastråkølle, noko som tyder på langvarig snødekke over 150 døgn med snø. Med snø frå første veke i oktober til ut i halve april har vi over 180 døgn. Vi har også funne Snømugg der snøen låg kortare og Stor grasknollsopp der det var over 6 månadar med snødekke.

Det er ikkje så lett å skilje på frostskeidar og isbrannskader. Frostskeidar får ein når vatnet i plantane frys til is. Dette skjer når planter har for dårleg herding om høsten. Der det vart isdekte fekk vi isbrann. Her dør plantene av opphoping av karbondioksid, spesielt når herdinga går ut av plantene på våren. Plantane vart kvalt ikkje som følge av oksygenmangel, men av CO2 forgifting. Også av ståande vatn, når det er tele, får vi skader. Plantane dør av opphoping av karbondioksid og mangel på oksygen.

Det blei ei grå påske og etter på, frå 13.april kom det meir snø. Siste veke i april kom varmen og det meste av snøen forsvann.

Vi var ute på befarings i vår/forsommar og såg på resultatene av vinterværet. Vi fant mykje sopp både nedi bygda og høgare opp, noko som førte at enga er svært tynn. Nokre plassar er graset gått heilt ut. Også skade av isbrann finn vi mange plassar som store flekkar i enga der graset har gått ut.



Is i april i hellande terreng. Foto: NLRT, Oppdal



Overvintringsskade. Foto: NLRT, Oppdal

Vekststart

I tillegg til denne dårlege overvintringa fekk vi ein kald vår, med veldig sein vekststart; 25.mai er spesielt seint. Det var litt vekst på dei sørvendte plassane i bygda, men det voks seint også der. Eit ordtak seier «våren er vakker for den som lenge har hatt vinter», nok vi godt kan slutte oss til. Det var ikkje full beiting ute for sauene før vi kom til 1.juni. Alt i alt vart det ein hustrig mai, og vi fekk ikkje lauv på bjørka før 1.juni. Sein snøsmelting i fjellet gjorde at det vart seint beiteslepp.



Mykje snø på flå'n i juni. Foto: Halvar Myran

Norsk Landbruksrådgiving Trøndelag, Oppdal

Førsteslått

Etter om lag 10 dagar med roleg vekst i starten av juni og med nok nedbør, fekk vi tørke framover med høge temperaturar og lite vatn. Mange rakk ikkje å bli ferdig med våronna før dei måtte starte på slåttonna. Varmen gjorde at det ikkje blei busking på graset fordi enga var stressa. Vi høsta eit forsøksfelt med timotei 23.juni, som allereie da var i full skyting. Den raske utviklinga ført til at avlinga på førstslåtten blei svært liten mange stadar. Vi hadde markdagar både i Oppdal og Rennebu 15.juni og kunne konstatere da at timoteien var i byrjande skyting. Stresset gjorde at planten hadde berre eit skot, mot vanleg 4-5 skot, noko som viste kor stressa plantene var, og som fører til små avlingar. Det er heldigvis store variasjonar, men noko overskudd av fôr vert det nok ikkje. Vi hadde 500dg først den 27.juni, da det er vanleg at graset er kome til dette stadiet.

Sjå meir om kvaliteten under Forsøksvirksomheten: kvalitetsprognoser i gras.

Høyonna

Høyslåttan vart berre litt forsinka, tross det seine beitesleppet i siste halvdel av juni. Kvaliteten på høyslåttan vart god, det vart eit ferskt gras som vart høsta til høy i slutten av juli. Frå slutten av vårbeitinga 22.juni til 24.juli hadde vi 350 døgngrader i fjellbygda. Først 2.august hadde vi 500 dg som er vanleg for å få byrjande skyting på graset. Men høyonn i slutten på juli viser at utviklinga på graset var kome kort og kvaliteten var bra. Avlingane vart normale. Fjellbeitene var frodige, og held seg godt utover pga den kalde julimånaden.

Andreslått

Avlinga på andreslåttan vart større enn normalt, dette kom nok av at det var ein kald juli, men varm august med nok nedbør. Heilt fram til den 22.august hadde vi over 15 grader i snitt kvar dag. Mange hausta seint for å få ei større avling, for å kompensere for ein dårleg førsteslått.

Haust

September vart ein varm månad med 8,4 grader, og det kom normalt med nedbør. Fjellbeite held seg godt og vektene på lamma var som normalt. Høstbeite heime vart bra og held seg godt utover. Avlinga av Fjellmandelpotet vart også bra.



Også vånd har hatt ein bra sommar. Vi såg ikkje så mykje til den i sommar og heller ikkje så mykje på andreslåttan, men der det har stått att gras og sjølvsagt i kantane, er det no noko vånd. Han har gravd store förlager i haust og jordhaugane ligg oppå.

Vånd er svært glad i løvetannrøtter

Foto: NLRT, Oppdal

MANDELPOTET

En sen vår gjorde sitt til at potetsettingen startet etter 17. mai, og vi måtte ut i juni, før alle potetene var kommet i jorda. Da er viktig å ha bra kvalitet på settepotene og god lysgroing, for å gi poteta en god start.



De tre første ukene i juni var varme, og vi fikk ingen nedbør. I slutten av måneden og i juli, hadde vi jevnt lave temperaturer, men nok nedbør. Dette gjorde sitt til at vi nå begynte å få litt næringsmangel (spesielt Mg-mangel) i enkelte av åkrene mot slutten av måneden. En kald juli, er nok en medvirkende årsak til at det var dårlig med blomstring i år, som i 2019. Utover august og mot opptak i september, steg temperaturen, og potetene fikk gode vekstforhold: bra veksttemperatur og passende med nedbør. Dette kom godt med, for andelen med små potet var høy rundt midten av august.

Potetopptakinga startet til normal tid, rundt 10. september med litt varierende innhøstingsforhold. Til tross for kald mai, tørke i juni, kald juli og bra høst, så ble det svært gode potetavlinger i år.

Bra knollsetting i august. Foto: NLRT, Oppdal

Tørråte

Det ble ikke registrert tørråteangrep hos noen av de profesjonelle mandelpotetdyrkerne. Ingen angrep tyder og på en godt gjennomført tørråtekamp. Fortsett med det!

Hugs å varsle dei andre potetdyrkarane STRAKS viss du oppdagar, eller har den minste mistanke om tørråteangrep i åkera din. Ta gjerne kontakt med oss i Landbruksrådgivinga så syter vi for varsling vidare.

GJENLEGG- OG KORNÅKRER

Det vart meir areal enn normalt med gjenlegg i vår, da det ver ein del overvintringsskade på enga, som måtta såast opp att. Det blei dårlege spireforhold i juni på grunn av tørken, og det voks seint i juli pga. det kalde veret. Det gjekk greitt å få sprøyta dei vårsådde åkrane. Det kan ikkje presiserast for ofte, at sprøyting **skal** skje medan ugrasplantene er små (1-2 varige blad). Etter kvart kom både graset og kornet, men mykje av grasåkrane vart høsta seint for å få nok avling.

Ein del pløyde opp ekstra areal etter førsteslåtten i staden for å reparere på våren, for slik å få til tidleg høstsåing (sådd 1. august). Det vart greit værforhold, god spiring og god etablering. Dei fleste fekk brakka før pløyinga, og fekk ein god effekt av det.

GRØNNFÔRVEKSTER

Av grønnfôrvekstar er det stort sett fôrraps til høstbeite for sau, og eitårig raigras til ku- og saubeite som er dyrka i Oppdal. I tillegg er det dyrka blandingar av korn, raps, raigras, erter, vikker som blir lagt i silo. Det blei gode grønnforavlingar dette året. Tørken i juli hemmet nok litt, men det tok seg fint att i august.

ANGREP AV SKADEDYR I 2020

Kålmøll

Korsblomstra vekster, slik som fôrraps og grønnfôrnepe, kan bli sterkt skada av kålmøll enkelte år. Dette er små møll som er gråbrun med ei bølgeforma lys linje på ryggen. I 2020 fekk vi eit lite angrep i slutten av juni, men ikkje noko seinare i sesongen.



Det er vanlegvis to generasjoner av insektet i Oppdal, først midt på juni og så i slutten av juli. Den første generasjon kjem enten utanfrå, kan derfor koma tidleg, eller frå overvintra insekter som legg egg på blada ved St. Hanstider, da får vi eit seint første angrep.

Angrep av kålmøll i fôrraps. Foto: NLRT, Oppdal

JORDANALYSER 2020

I 2020 vart det teke ut 201 jordprøver som vi her har med i statistikken. Dei fleste av desse er frå bruk vi tok ut prøver hjå for 6 år sida, dvs i 2014. Dette er bruk i området til gamle Nlr Oppdal. Etter kvart som vi får samanlikningstal for Rennebu i det nye område vi har ansvar for, så vil vi òg lage den statistikken. Da dette analysesenteret har vore svært påverka av Covid-19 er om lag halvparten av jordanalysane frå vårt område ikkje analysert i skrivande stund. Dette er synd for vårt arbeid med denne statistikken at det no berre er 201 prøver med. Analysane syner fylgjande resultat:

SURHETSGRAD- pH

År	% Under 5,5	% 5,5-5,9	% 6,0 og over
2020	8	35	57
2019	10	45	45
2018	11	48	41
2017	11	42	48
2016	9	33	58
2015	21	43	35
2014	6	30	64
2013	5	33	62


pH i jordprøvene for 2020 er litt høgare enn dei som var teke i 2014. Den prosentvise fordelinga i ulike klasser syner at det er litt fleire prøver med pH under 5,5, og ein god del mindre med pH over 6,0, enn i 2014.

Prøver med pH over 6,0 har minka frå 64% til 57%, dette er ei endring som syner at det ikkje blir kalka nok i høve til nedgangen i pH i jorda. Vi veit og at det er mindre kalka dei seinare åra enn før. Dette er ei negativ utvikling, da kalking er svært viktig for å oppretthalde avlingane.

Det er i 2020 teke om lag like mange prøver frå varige beiter som i 2014. Prøvene frå beitene hamnar i dei lågaste klassane, men dette forklarar ikkje fleire sure prøver. Dette viser at kalkinga MÅ det fokuserast meir på.



Kjemperøysopp. De kan bli 1m i diameter eller mer. Foto: NLRT, Oppdal



Som eit snitt reknar ein med at pH-talet i jorda går ned med 0,09 einingar per år, men det er stor variasjon etter kva opphavsmateriale jorda har. Dei prøvene som i 2014 hadde ein pH på over 5,7 kan da vere nede på 5,3 i 2020.

Å kalke før jorda har ein pH ned mot 5,7, er ikkje nødvendig. Det er ønskeleg at det vert kalka meir slik at ein unngår dei prøvene som syner ein pH under 5,5. Ein del stadar i bygda er det ikkje naudsynt å kalke i det heile, andre stadar må ein kalke kvart 5.- 6. år. Dette er ein av grunnane til at det er svært viktig å ta jordprøver med jamne mellomrom, for å få ei oversikt over kva som skjer i jorda på sin gard.

Enkelte kalkar for mykje og mange kalkar for lite. Kalking bør skje *på grunnlag av analyseresultat og ikkje på slump*. Det gunstigaste er at pH ligg på 6,1- 6,6. På myrjord må kalsiuminnhaldet i jorda saman med pH leggst til grunn for å vurdere trongen til kalking.

Når pH er så låg som 5,5 vil ein få ei synbar avlingsauke ved å kalke. Plantene i vanleg eng har et krav til pH på minimum 5,7, (kløver og bladfaks 6,0), og helst bør pH vere over 6,2. Av prøvene i 2020, var det 43% som hadde ein pH på 5,9 eller lågare. Prøva som hadde lågast pH var på 5 og den høgaste på 6,8 medan gjennomsnittet var 6,0. Dette er veldig likt det som var i 2014.

Ein del næringsstoff blant andre fosfor, magnesium og molybden vert lettare tilgjengeleg ved kalking. I sur jord kan desse næringsstoffa vere så fast bunde at plantene har vanskeleg for å gjere seg nytte av dei. Kalking fører òg til betre jordstruktur, og større omsetning av næringsstoff, og det organisk materiale i jorda blir raskare omsett til plantenæring.

FOSFOR (P-AL) tall prøver i prosent


År	Kl. A	Kl. B	Kl. C	Kl. D
	(Lite)	(middels)	(stort)	(meget stort)
2020	3	18	55	24
2019	7	17	52	24
2018	5	18	54	23
2017	3	10	51	36
2016	5	14	46	35
2015	1	7	48	44
2014	3	16	54	27
2013	5	14	48	33

Analysane frå 2020 syner at andelen prøver i klasse D er redusert i høve til 2014. Dette er ein ny positiv trend, da det viser at overgjødning med fosfor er redusert. Vi nærmar oss ei rettare fosforgjødning der dette næringsstoffet blir betre teke vare på.

På den jorda som har fosforinnhald i klasse A (frå under 1 til 2) er ofte nydyrkingsjord, og her er det fosformangel, og vi anbefaler ei rein fosforgjødning i eit år, i tillegg til fullgjødning for å bringe jorda i hevd. Det er like mange prøver i klasse A som i 2014, dette er prøver frå nydyrking eller frå beiter. Beitene blir ikkje gjødsla med husdyrgjødning, og det er kostbar gjødning om ein skal heve fosforinnhaldet med handelsgjødning.

Målet er at P-AL i jorda skal ligge i klasse B eller C (P-AL mellom 5 og 14). Heile 73% av prøvene i 2020 ligg i desse to klassane. Gjennomsnittet for alle prøvene ligg på 12,1 dette er litt høgt. Til jorda som ligg i klasse D (P-AL over 15) dvs. 24 % av prøvene, vil ein i gjødselplanlegginga, redusere fosfortilførselen.

Prøver frå jord nær fjøset og frå den nyaste enga, viser ofte høge P-AL tal, noko som heng saman med store mengder husdyrgjødning. Pelsdyrgjødning og fjørfe er òg grunnlaget til nokre av desse prøvene. I gjødslingsplanlegginga vil vi halde fram med å ta omsyn til dette, og bruke fosforfattig handelsgjødning til desse skifta. Ei utfordring i denne samanhengen er at fosforrik handelsgjødning er billigare enn handelsgjødning utan fosfor, med tanke på både agronomisk og økonomisk gjødsling, dreg ikkje dette same vegen.



Av figuren ser ein at målet ikkje er nådd, det er for mykje fosfor og litt for lite kalium tilført. Når fullgjødsel med mykje fosfor og lite kalium er meir prisgunstig enn gjødsel som er motsett, høver dette dårleg her vi har mykje husdyrgjødsel. Vi utgjer ei lita kjøpegruppe i høve til alt kornareal, så våre mengder blir små og kostbare å produsere/ distribuere. Dette er vurderingar vi arbeider med opp mot gjødselprodusentane heile tida.

KALIUM (K-AL) tall prøver i prosent

År	Kl. I	Kl. II	Kl. III	Kl. IV)
	(Lite)	(middels)	(stort)	(meget stort)
2020	67	30	3	0
2019	53	38	8	1
2018	49	44	6	2
2017	42	47	9	2
2016	24	60	11	5
2015	55	39	5	1
2014	31	56	11	2
2013	23	65	9	3

Innhaldet av lettlyseleg kalium (K-AL) i 2020, er ein god del mindre enn i 2014. Målet er å auke kaliuminnhaldet i jorda der prøvene syner verdjar i klasse 1, som no er 67% av prøvene. Kaliuminnhaldet i jorda bør ikkje gå lengre ned der.

Det er færre prøver i klasse IV enn i 2014, dette er bra, da plantene har eit luksusopptak av kalium som kan vere skadeleg for dyra. Men kalium er viktig for overvintringa, så noko kalium må vi ha.

SYRELØSELIG KALIUM (K-HNO₃) antall prøver i prosent

År	Under 30	30-79	80-119	120 og over
	(lite)	(middels)	(stort)	(meget stort)
2020	0	28	31	41
2019	3	46	28	23
2018	6	41	26	26
2017	2	49	24	25
2016	2	32	26	40
2015	2	40	21	36
2014	0	27	26	47
2013	0	36	25	39

Innhaldet av kalium i jorda målt som K-HNO₃, varierar med opphavsmaterialet for jorda i tillegg til gjødsling. Jord som er danna av bergartar med innhald av mineral som lett frigjev mykje kalium, gjev ei sikker og langsiktig kaliumforsyning. I Oppdal og Rennebu er det frå naturen si side store variasjonar frå område til område, i innhald av syreløseleg kalium. Også stor tilførsel av husdyrgjødsel gjer at kalium vert bunde i jorda.

Det er berre 32 prøver totalt som er analysert for syreløseleg kalium, så desse tala vert ikkje heilt representative. Men tala for 2020 viser ei dreining over til mindre innhald. Vi er attende til at handelsgjødsla som er prisgunstig inneheld for mykje fosfor og for lite kalium. Men endringa til at fleire prøver er i klasse *Middels* og færre i *Meget stort*, tyder på at det er nok kalium og at det ikkje blir brukt for store mengder møkk på små arealer lengre. Dette tyder på at gjødslinga er høg nok, saman med all husdyrgjødsla vi har i bygda. Store mengder husdyrgjødsel/ pressaft skal ein vere forsiktig med, da eit høgt kaliuminnhald i graset kan føre til graskrampe og manganmangel.

MAGNESIUM (Mg) OG KALSIUM (Ca)

Lettløselig kalsium (Ca-AL) og lettløselig magnesium (Mg-AL gitt som mg/100 g). Vi har med tal frå 2013, før det er det ikkje kjørt statistikk på desse næringsstoffa.

I 2020 ligg ingen prøver i lågaste klasse for magnesium, medan 77% ligg i klasse 4 med verdier over 10 Mg-AL. Dette skal vere ei god forsikring for å unngå graskrampe på husdyra.

Magnesium (Mg) (gitt som mg/100 g) delt i klasser i prosent

År	Kl. I	Kl. II	Kl. III	Kl. IV)
	0-2	3-5	6-9	10 ->
2020	0	4	19	77
2019	1	16	21	62
2018	0	5	28	67
2017	2	12	19	67
2016	1	7	16	76
2015	1	13	22	64
2014	1	9	22	68
2013	2	10	22	66

Kalsium (Ca), (gitt som mg/100 g) delt i klasser i prosent

År	Kl. I	Kl. II	Kl. III	Kl. IV)
	<50	50-99	100-199	200->
2020	3	19	51	26
2019	7	25	43	25
2018	7	26	46	21
2017	6	20	41	33
2016	4	14	44	38
2015	6	18	44	32
2014	5	21	53	21
2013	5	16	46	33

Når det gjeld Kalsium var det 6 prøver i 2020, (3%) som låg i klasse 1, (Ca-AL under 50). Dei fleste av desse prøvene har ein pH frå 5,0 til 5,6, dvs i det rommet vi anbefaler å kalke. Kalking vil betre innhaldet av kalsium i jorda. Vi ser at Kalsiumverdiene er ganske stabil frå 2014.

Lettløselig natrium (Na-AL gitt som mg/100 g)

Natrium (Na) er også blitt analysert dette året, og vi ser at 60 % av prøvene ligg under 6. Den høgaste prøva er på 20. Eit høgt innhald (>50) indikerer stor saltkonsentrasjon som kan vere til skade for klorfølsomme vekstar. I vårt område er dette ikkje noko problem. Det er heller problem at det er for lite Na i gras til dyra. Dette viser at ALLE dyr må ha tilgang på salt heile året.

KOBBER (Cu)

Vi har fått nokre spørsmål om kobber, og om dyra her treng tilførsel av dette. Jorda i vårt område inneheld nok kobber, og dyra skal ikkje ha noko ekstra. Ekstra tilførsel kan gje kobberforgiftning.

SELEN (Se)

Vi har ikkje analyser av selen i jorda, men erfaringa tilseier at det er lite selen i jorda. På kulturbeiter til sinkyr/kviger har vi hatt ei god effekt av selengjødsling for å styrke immunforsvaret til dyra før kalving. Besetningar med auka hyppighet med jurbetennelse har gode resultat av selengjødsling. No er bolus prøvd ut både på storfe og småfe, og det er spesielt seleninnhaldet som er viktig i vårt område.

AKTIVITETER OG FORSØKSVIRKSOMHETEN 2020

1- FORSØK:
1.1 Tidleg vårgjødsling i etablert eng, NIBIO <i>Forsøksvert: John Ola Bøe, Oppdal</i>
1.2 Rødkløverfelt <i>Forsøksvert: Stig Kristiansen, Rennebu</i>
1.3 Kvalitetsprognoser i gras Grovformodellen, NIBIO/NLRT <i>Forsøksverter: John Bjørndal Volden Eivind S.Mjøen Arvid Håkersløkken</i>
1.4 Grasfelt i Fjellandbruket
➤ Strandsvingel til slått i høgereliggende bygder. <i>Forsøksverter: Ingunn Løvsletten og Magne Ofstad</i>
➤ Strandsvingel til beite i høgereliggende bygder. <i>Forsøksvert: Ingunn Løvsletten</i>
➤ Demonstrasjonsfelt med ulike grasarter. <i>Forsøksvert: Ingunn Løvsletten</i>
1.5 Graveprøver i potet, NLR, HOFF
2- AKTIVITETER, Arrangement, møter, kurs og representasjon
3- PROSJEKT- Fjellandbruksprosjektet
3.1 Grovforproduksjon i Fjellandbruket <i>Prosjekteiere: NLRT, Fjellandbruksprosjektet i Oppdal og Rennebu</i>
3.2 Fjellandbrukskonferansen <i>Prosjekteiere: NLRT, Oppdalsbanken, Fjellandbruksprosjektet i Oppdal og Rennebu</i>
3.3 Fjellgrønt produksjon av grønnsaker i fjellandbruket <i>Prosjekteier: Fjellandbruksprosjektet i Oppdal og Rennebu og NLRT</i>
3.4 Beitebrukets virkning- synliggjøring i utmark = Beiteburprosjekt <i>Prosjekteiere: Fjellandbruksprosjektet i Oppdal og Rennebu og NLRT</i>
4- ANDRE PROSJEKTER
4.1 Potetkaffe <i>Prosjekteier: NLRT</i>

Det er arbeidet med 8 forsøk og 5 ulike prosjekter innen jord- og plantekultur i 2020. Forsøksfeltene ble forsøkshestet/resultatmålt eller sådd dette året.

Arbeidet med inspeksjon/rådgiving i felten innen jord- og plantekultur var omfattende også i 2020. Gårdsbesøk på grunn av vekstproblem, ugrasproblem, skadedyr, som skaper hodebry for mange. I tillegg ble alle mandelpotetåkrene inspisert en eller flere ganger.

Den tradisjonelle forsøksvirksomheten er vesentlig redusert de senere åra. Aktiviteten på grovfôrforskning innen NIBIO er lav, og dette gjenspeiler seg i et svært begrenset tilbud av aktuelle forsøk for vår del. Egne forsøk utenom NIBIO-systemet får vi ikke tilskudd til og må finansieres av landbruksrådgivningen. Vår økonomi setter begrensninger for dette. I prosjektene er det med forsøk som gir oss verdifull ny viten. Dette året er det bevilget midler til å starte opp med forsøk fra Fjellandbruksprosjektet. Det var planlagt ett grasfelt, men med god drahjelp fra NLR Innlandet fikk vi kobla oss på en forsøksserie de har, fjellbygdene, slik at vi kunne starte med tre grasfelt. Såfrø er sponset av Strand Unikorn. Vi fikk også såfrø til å så et demofelt, med mange forskjellige grasarter.



Såing på Nerskogen 9.juli. Gode hjelpere må til. Esten Mikkel B.Myrhaug og Anne Karin E.Botnan. Foto: NLRT, Oppdal

1. FORSØKSFELT

1.1: TIDLIG VÅRGJØDSLING I ETABLERT ENG

Forsøksvert: John Ola Bøe, Bøe

Anleggsår: 2020

Forsøksopplegg: AL181-30 NIBIO

I tillegg til forsøksfelt her hjå oss, har NIBIO fleire forsøksfelt hjå andre NLR einingar.

Vi hadde tilsvarende felt i Oppdal i 2018 og 2019.

Bakgrunn:

Flerre gårdbrukara har de siste åra vore ivrige på å gjødsle med mineralgjødsel tidleg. Det er diskutert om ein skal prioritere å kjøre ut husdyrgjødsel først eller om ein tidleg startdose av lettlyseleg nitrogen i mineralgjødsel og andre næringsstoff som husdyrgjødsla gir lite av, bør vere det første tiltaket om våren. Kan tidlegare vårgjødsling med lettlyseleg nitrogen og/eller ssvovel auka avlingane? - eller klarar enga seg med reservane som er lagra frå tidlegare? Vekstsesongen, tida der gjennomsnittstemperaturen er over 5 grader har blitt lengre. Våren har ofte gode lysforhold og å utnytte dette så snart temperatur i jord og luft er høg nok vil vere viktig.

Formålet med dette forsøket er:

Finne ut om tidleg vårvekst i timoteidominert eng er begrensa av tilgang på lettlyselig nitrogen og ssvovel, og om denne mulege vekstbegrensninga kan registrerast i avlinga i førsteslått.

Forsøksledd: Gjødsling

- Kun husdyrgjødsel.
- Hele dosen av mineralgjødsel ved vekststart.
- Hele dosen av mineralgjødsel 2-3 uker etter vekststart.
- Ca halv dose N ved vekststart, resten 2-3 uker senere. Hel dose S ved siste tidspunkt.
- Ca halv dose N og hel dose S ved vekststart, resten av N 2-3 uker senere.

Høstetid

1. Tre uker etter siste gjødsling.
2. Ved gårdbruker sin ordinære førsteslått.

Gjennomføring:

Sesongen 2020 fekk vi starta litt tidlegare enn i 2019, da feltet vart lagt i solhellinga borti Bøe. Vi gjødsla svert tidleg, 11.mai kom første mineralgjødsla på (= A), før vi fekk nye snøbyger. Timoteien var så vidt starta å vekse her, sjølv om tala frå klimastasjonen på Håkkårå'n ikkje synte vekststart før 25.mai. Husdyrgjødsla blei kjørt på 21.mai, når det var lagleg å køyre på enga. Andre gjødsling (= B) var 2.juni (3 veker etter vekststart). Til samanlikning var det i 2018 første gjødsling 22.mai og andre gjødsling 5.juni (Storlidalen), og i 2019 første gjødsling 13.mai og andre gjødsling 29.mai (Hindsetgrenda).

Vekstsesongen fram til førsteslått blei noko tørr, og dette førte til at plantene kom i skyting fort. Bonden valgte å høste samtidig med vår *tidleg høsting*, 3 uker etter siste gjødsling. Det vart dermed berre eit høstetidspunkt dvs.23.juni.

Resultat:

AL181-30 NLR Trøndelag, Oppdal. 2020		Høsting	Høsting
		3 uker etter siste gjødsling	Vanleg høstetid på bruket
	Alt grunnkjødsel med 5 tonn Gylle 21 .mai	Slått 23.juni	Same dato
Ledd		Kg ts/daa	Kg ts/daa
1	Husdyrgjødsel 21.mai	646	
2	All mineralgjødsel, Gjødslingstid A ,(11.mai) (10 kg N+1.4 kg S)	696	
3	All mineralgjødslinga, Gjødslingstid B,(2.juni) (10 kg N+1.4 kg S)	649	
4	Ca halv dose N, Gjødslingtid A (4.5 kg N) Resten av N og all svovel, Gjødslingstid B (5.5 kg N+1.4 kg S)	663	
5	Ca halv dose N og all svovel, Gjødslingstid A (5.5 kg N+1.4 kg S) Resten av N, Gjødslingstid B (4.5 kg N)	674	
	p	i.s.	

Det er ikkje sikker (signifikant) forskjell mellom gjødslingene heller dette året.

Generelt svært små skilnadar i avling mellom ledd:

- Ingen sikker skilnaden mellom gjødslingstidspunkt (ledd 2 og 3).
- Ingen sikker skilnaden mellom tidspunkt for svovelgjødslinga (ledd 4 og 5).
- Ingen sikker skilnaden med delt nitrogen gjødsling om våren, og utsatt svovelgjødsling (ledd 2 og 4).
- Ingen sikker skilnaden med delt nitrogen gjødsling (ledd 2 og 5).

Vi har i skrivande stund ikkje fått noko resultat av førkvalitetsanalysen.

Kommentar frå NIBO 2020:

Avling er registrert i kilo tørrstoff per dekar. Forsøksledd er testa med Tukeys test $p < 0,05$. I feltene hvor det var signifikant forskjell mellom gjødslingsledd, var behandlingen med kun husdyrgjødsel alltid blant de med lavest avlingsnivå. For de fleste feltene inkl. Oppdal, var det ikke signifikant forskjell mellom ulike gjødslingsregimene.

Resultat etter tre år i Oppdal:

Når startar vekstsesongen. Tabellen under viser dato for når middel lufttemperaturen har vore over 5°C i 5 dagar, der også jordtemperaturen er over 2°C

	2018	2019	2020
Oppdal	2. mai	16.mai	25.mai

(Ein kan ikkje ut i frå denne tabellen seie at vi har fått ein tidlegare vår, dei to siste vårane har vore ganske ekstreme seine.)

Vi har gjødsla første gangen så snart det var mogleg desse åra. 2018 hadde vi feltet i Storlidalen, første gjødsling 22.mai og andre gjødsling 5.juni. Sjølv om det var vekststart i Oppdal 2.mai, var det ikkje lagleg i Storlidalen før den 22.mai. Det blei veldig spesielt med tørken utover og det blei ikkje køyrd på husdyrgjødsel. Før vi fekk teke slåtten var det tørkeskade på enga, slik at vi høsta alt samstundes allereie 19.juni. dvs. tre veker etter siste gjødsling. Vi fekk ingen sikker forskjell på forsøksledda. I 2019 i Hindesetgrenda fekk vi gjødsla og høsta etter forsøksplana med gjødsling 13.mai og 28.mai med påfølgande høsting 19. og 23. juni. Heller ikkje her fekk vi sikkert utslag mellom forsøksledda. I 2020 i Bøe fekk vi gjødsla som planlagt 11.mai og 2.juni, men varmen i juni gjorde at vi fekk berre eit høstetidspunkt, den 23.juni. Heller ikkje dette året har vi fått sikre skilnadar mellom forsøksledda. Desse forsøka har vore køyrd mange plassar i landet, og dei aller fleste plassane her ein ikkje fått sikre skilnadar i forsøket.

Oppsummering

Ein har ikkje funne at tidleg vårvekst i timoteidominert eng er begrensa av tilgang på letttilgjengelig nitrogen og sovel. For dei fleste felta inkl. Oppdal, var det ikkje signifikant forskjell mellom dei ulike gjødslingsregimene. Til eng som skal haustast til vanleg tid på førsteslåtten, har det lite effekt på avlinga å gjødsle før graset har kome litt i gang.



Koser seg i høstsola. Foto: NLRT, Oppdal

1.2 Rødkløver

Forsøksvert: Stig Kristiansen, Jåravegen. Rennebu
Anleggsår: 2020
Forsøksopplegg: NIBIO

Formålet med dette forsøket er å:

Studere overvintring og avling i to/tre slåtter hos alle godkjente rødkløversorter i Norge under ulike dyrkingsforhold.

Det er pr i dag ti godkjente sorter fordelt på tre diploide og sju tetraploide, men få av disse er tilgjengelig på markedet. Det inkluderes tre norske kandidatsorter som er ferdig DUS-testet i 2020. Alle 12 kløversortene vil bli etablert i blanding med 75% nordlig dvs Lidar timotei. Feltet skal ligge til og med fjerde engår. I andre engår skal det gjøres kvalitetsanalyser (NIRS) av avlinger i alle ruter, alle høstinger.

Forsøksplan:

Rødkløversorter 2x = diploid, 4x = tetraploid	+ Lidar timotei
1. Gandalf (2x)	7. Legato (4x)
2. Ilte (4x)	8. Linus (2x)
3. Lars (4x)	9. Reipo (4x)
4. Lasang (4x)	10. LøRk0390 (2x)
5. Lasse (4x)	11. KvRk0203 (4x)
6. Lea (2x)	12. VåRk 0513 (2x)

Gjennomføring:

Feltet var grunngrjødsels med 5 tonn (6% ts) storfegjødsel om våren. Det vart vårsådd 29.mai. Spiring var registrert 15.juni, det var svert tørt og spiringa var ujamn på feltet. Det vart også registrert kløver om høsten. Feltet skal ikkje forsøkshøstes i anleggsåret, men det vart høsta 16.september.

Registrering:

Reipo og Legato utmerka seg med å vere sein i spiringa. 16.september var det om lag 10% kløver på alle rutene, med unntak av sorten Reipo, der det i snitt berre var 3%. Timoteiandelen er på 80%, medan anna gras (kveke)/ugras var på om lag 10%.

1.3 KVALITETSPROGNOSER I GRAS- GROVFØRMODELLEN

Forsøksvert: *John Bjørndal Volden, Bjørndalen*
Eivind S. Mjøen, Mjøen
Arvid Håkersløkken

Anleggsår: 2020

Forsøksopplegg: Norsk landbruksrådgiving Trøndelag, Oppdal /NIBIO

Nibio lanserte i 2009 førprognoseverktøyet, GROVFØRMODELLEN. Denne modellen forutsier (predikerer) avling og kvalitet i eng fram mot første- og andreslått, på grunnlag av klimadata og registreringer av utviklingsstadium i grasveksten. Oppdal har vært med og lagt grunnlaget gjennom uttak av prøver og testing av verktøyet, i årene 2009- 2011.

Grovfôrmodellen ligger som link på VIPS-portalen:

<https://www.vips-landbruk.no/roughage/nutrition/>.

Vi har også i 2020 tatt ut grasprøver til bruk i denne modellen. Tre prøver før førsteslått og fire prøver før andreslått til mjølkeproduksjon. En prøve før 1.slått til ammeku. Tre prøver etter vårbeiting før «høyslått».

Tabellen viser kvalitetsutviklingen på gras i Oppdal 2020

Vert	Dato for uttak	FEm	Råprotein % av ts	NDF %av ts	PBV % av ts	Vassløselig karbohydrat %av ts
John B. Volden	12.juni	1,06	29,4	45,2	130	10,5
John B. Volden	19.juni	0,95	19,6	54,9	48	10,4
John B. Volden	24.juni	0,84	15,3	60,8	18	11,6
John B. Volden	3.august	0,98	22,9	49,6	75	10,3
John B. Volden	10.august	0,96	19,3	49,9	43	14,7
John B. Volden	17.august	0,9	16,7	55,3	25	13,1
John B. Volden	24.august	0,88	14,2	55,5	2	14,3
Arvid Håkersløkken	9.juli	0,8	8,8	58,0	-40	21,5
Eivind S.Mjøen*	11.juli	0,979	18,3	47,7	32	16,1
Eivind S.Mjøen*	18.juli	0,92	18,2	52,5	37	12,3
Eivind S.Mjøen*	24.juli	0,89	16,4	55,4	23	11,7

* Etter vårbeiting med sau til 22.juni

Førsteslått: Vekststart var 25.mai. Den magiske grensen på 0,90 FEm, som viser begynnende skyting og ideell slåttetid, kom rett etter 19.juni. Fôrehetskonsentrasjonen var da 0,95, men sank rakst pga. tørkestressa gras. Allereie 24.juni var kvaliteten nede på 0,84. Dei fleste starta høstinga da, og det har vist seg at dei fleste har berre middels kvalitet på grovfôr av førsteslått. 500 dg vart oppnådd frå 25.mai til 27.juni, men da var kvaliteten langt under 0,9 FEm, pga tørkestresset.

Ein slått: Eng som har vokse frå våren til 9.juli for å bli ammekufôr var veldig utvokse. No har vi 560dg og tørke, så graset var i full blomstring. Litt overraskande at foreiningskonsentrasjonen var så høg; FEm var på 0,8 og trevleinnhaldet så lågt; NDF på 580. Årsaka er nok det kalde veret i juli med ei sein utvikling av graset.

Høyslått: Eng som har blitt vårbeita med sau til 22.juni, hadde svert høg forkonsentrasjon enno 24.juli. Juli var våt og kald og utviklinga på graset gikk seint, og enga blei tett. Mange saubruk høsta frå no og ei veke seinare og fekk god kvalitet og stor avling denne slått. 500 dg vart oppnådd frå 22.juni til 2.august.

